

## **Styremøte 04/2020**

Laurdag 28.mars kl. 11:00 i Klubbhuset

Desse deltok: Victor Kjøde, Arne Hjertenes, Jan Petter Venøy, Per Årvik og Ole Bosnes.

Vara Jarle Hovden møtte.

### **Sak 1: Dugnad**

Vi må planlegge arbeidet vidare for dugnad i mai; klargjering av kva utstyr som skal på plass ifb. med oppankring av bryggene A og B. A-brygga har prioritet.

Tidspunkt for dugnadene vert bestemt på eit seinare tidspunkt. Karantenereglane gjeld. Dei må takast omsyn til også under dugnader.

Det ligg an til at vi må engasjere små dugnadsgrupper til dei ulike oppgåvene. Vi kan ikkje tillate for mange samla på same tid og stad.

Alt utstyr må på plass og klargjerast før dugnadene tek til. Ansvar: Arne og Per.

### **Sak 2: Fortøyingsfeste**

Det må lagast til permanent landfeste til fortøying av Arve Åheim sin plass på brygge A. Ikkje greitt å ha landfeste i rekkverket. Det må lagast til feste i muren. Arve Åheim må her betale utstyrskostnadene. Ansvar: Arne og Per.

### **Sak 3: Slippvogna**

Slippvogn og evt. utstyr/deler som må skiftast? Status vart gjennomgått. Vedlikehaldet av vogna må prioriterast.

Ei av dei prioriterte oppgåvene er å forsøke å få tak i nye hjul.

Viktig at «slippteamet» gjer seg godt kjende med vogna og kva som må gjerast av vedlikehald. Viktig med gode tryggleiksgrunnar.

Ansvar ligg hos Slippteamet: *Arne Hjertenes(Leiar), Per Årvik, Jarle Hovden, Terje Edvardsen, Geir-Petter Hatlenes og Harald Myklebust.*

### **Sak 4: Vedlikehold av klubbhus og septiktankhus (Dugnadsoppgåve)**

Septikktankhuset: Legge takshingel (er lagra i huset). Vindskeider må på og huset målast. Måling er kjøpt inn.

Uteområdet ved klubbhuset og septikktankhuset: Her skal avlaupsrøyra gravast ned, evt. bygge tredekke over/lage flaker.

Klubbhuset: Ordne dimmer på taklyset (elektrikerarbeid). Ansvar: Jan Petter og Ole

### **Sak 5: Forsikring og ansvarsforhold ved bruk av slippvogn ref. til årsmøte 31.01**

Måndag etter årsmøtet, 3.februar, sende vi skriftleg henvending til Tryg med ønskje om å få avklaring/presisering på kva vår forsikring dekker ved uhell, og spesielt ved skader på båter under slipping. Torsdag 7.februar fikk vi telefonisk svar.

I korthet vart det sagt at dersom det vert fremja krav om erstatning av noko slag mot hamnelaget, så skal Tryg varslast og representere laget i dialogen med skadelidte eller den som på vedkommande sine vegner fremjar kravet. Om hamnelaget vert/er erstatningspliktig vert «sakshandsama» i kvart einskild tilfelle.

Det må komme eit krav mot laget, og det må kunne dokumenterast at eventuelle skader skuldast laget, ved t.d. manglar på utstyr eller «uansvarleg» handling av den/dei som utøver ansvar for på vegner av laget i aktuelle situasjonar.

Det vart ikkje stadfesta krav om at slippvogna må vere godkjent. Men Hamnelaget er erstatningspliktig (v/forsikringsselskapet) dersom det kan godtgjerast at manglar og feil kan skuldast Hamnelaget (aktløyse, ikkje godt nok utstyr etc.). Vedtektene til laget har reglar for storleik/tyngde båtar kan ha ved bruk av slippvogna.

### **Sak 6: Utfordringar ved kapasitetsauke i hamna**

Tema var å diskutere og evt. greie ut praktiske og økonomiske konsekvensar av å utvikle hamna for å kunne tillate større båtar, ref. til årsmøte 31.01.20.

For å få ei utgreiing av temaet, kan Ørsta Stålindustri eller andre fagfolk, engasjerast for å gje oss eit kvalifisert fagleg råd (teknisk og økonomisk) om det er forsvarleg å legge til rette for større båtar i Holmavika småbåthamn. Leiaren tek hand om saka.

### **Sak 7: Overføring mellom ventelister**

Kjellaug og Svein Hoff har no adresse 6740 Selje (februar 2020 ifg. folkeregister) og ønskjer å komme på venteliste for dei som bur i området Skårbø – Eide. Styret drøfta seg fram til at Kjellaug og Svein Hoff får tildelt plass 13 på kjøpsliste prioritet 1. Samrøystes vedteke.

### **Sak 8: Økonomi - status per 1.april: (1.kvartal)**

Lånegjeld: 772.807,00

På driftskonto: 93.668,53

#### Faste utgifter 1.april – 31.desember:

Renter og lån: 6.928,- x 9 = 62.352,-  
Straum, SFE: ca. 5.500 x 9 = 49.500,-  
Kom.avgifter; = 9.000,-  
Forsikring: = 15.000,-  
Administrasjon/div.utgift.= 15.000,-  
Framleige, til utleigarar: = 35.000,-

#### Faste inntekter 1.april – 31.desember:

Frikjøp dugnad = 30.000,-  
Slipping = 15.000,-  
Strauminntekter = 7.000,-  
Andre inntekter = 5.000,-

**Forventa utgift:** 186.000 - 93.700 =  
**92.300,-**

**Forventa inntekt: 57.000,-**

Ved årsskiftet kan vi dermed rekne med 35.300 kroner i minus på bankkontoen. Det vil likevel vere ei betring av driftsresultat på knappe 16.000 kroner i høve 2019.

Orienteringa teke til vitande.

### **Sak 9: Fritak hamneavgift og slipping.**

Fritak hamneavgift og slipping for ein medlem. Viser til årsmøte 31/1-20: Medleimen vert fritaken for hamneavgift og slippkostnader fram t.o.m 2024. Godkjent samrøystes.

Møtet slutt!